

Feirar 10 år med gode tilbod og langope.

19.11.2018



Ein trio med super fagkunnskap og service, Gro Hjelmeland(f.v.), Mary Ann Teigen og Anita Handeland

I morgon, tirsdag, er det 10 år sidan Gro Hjelmeland opna Gros Blomster i det tidlegare Sætre-bygget like ved Grano i sentrum av Uskedalen. Dette har vore 10 gode år både for butikken og ikkje minst for oss som er kundar der. Dette vert markert med gode tilbod, gratislotteri til alle som handlar denne dagen og lengre opningstid.

Lokala der butikken no held til, hadde stått tome i mange år då Gros Blomster starta opp for 10 år sidan. Med butikkopninga fekk ikkje berre kundane eit godt tilbod, men sentrumbildet i bygda fekk eit skikkeleg løft. Der det tidlegare hadde vore 'svarte' vindauga, vart det no fargerike blommar som lyste opp mot alle som passerte.

Gjennom dei 10 åra har kundane sett stor pris på tilbodet til Gros Blomster. Her er ein sikra både topp service og beste kvalitet. Dette trekkjer også mange kundar frå andre bygder. Då Gro starta opp, var det mange som visste kva ho stod for etter at ho var kjend frå bransjen både på Husnes og i Rosendal. Seinare har ho knytt til seg særst dyktige medarbeidarar i Mary Ann Teigen og Anita Handeland. Dei har no vore der i henholdsvis 7 og 5 år. Alle tre er utdanna blomsterdekoratørar og fagfolk frå øveste hylle. Saman har dei bygt opp ein butikk med særst godt ry.

10 årsdagen vert markert med gode tilbod. Dei gjev 30% rabatt på alle interiørvarer med unntak av blomsterpotter. Flotte bukettar med 10 roser får vi til 79 kr og sviblar vert selde for ein tiar. Dei som handlar der denne dagen kan også verta den heldige vinnar av ein nydeleg dekorasjon. Det er alltid verd å ta turen innom Gros Blomster, men i morgon er det ekstra god grunn. Butikken har også strekt opningstida litt, og har i samband med markeringa ope til kl.18.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland